

Ivar Aasen

# *Om skriftspråket vårt*

Omsett frå dansk med merknader av Ottar Grepstad

## 1.

Etter at fedrelandet vårt på ny er blitt slik det ein gong var, nemleg fritt og sjølvstendig, må det vere om å gjere å bruke eit sjølvstendig og nasjonalt språk, då dette er eitt av dei fremste kjennemerka på ein nasjon.<sup>1</sup> Så lenge Noreg blei oppfatta som ein dansk provins, og det sat danskar i mange av embeta i landet, der jamvel dei norske med vitskapleg oppseding fekk si opplæring i Danmark og på dansk, og det var dansk eller københavnsk tale og skrift som til sist rådde grunnen hos oss, var det naturleg at nasjonaliteten i språket vårt gjekk under.<sup>2</sup> Denne umyndige tida er no borte, og vi burde syne verda at vi også i denne saka, som er alt anna enn uviktig, så inderleg ønskjer å vere sjølvstendige.<sup>3</sup>

---

<sup>1</sup> Knappt nokon har ordlagt seg vakrare om dette skriftstykket enn kulturforskaren Bjarne Fidjestøl i 1968: "Dette er det første vassiget til hovudstraumen i norsk målreising" (sitert etter Grepstad 2006:58). 22 år gamle Ivar Aasen skreiv dette som huslærer hos Ludvig J. Daae på Solnør i januar 1836. Han hadde då ganske sikkert lese Jonas Anton Hielms avsnitt om norsk språk i *Almindeligt norsk Maanedsskrift* band 2, 1832, og Peter Andreas Munchs tilsvaer "Norsk Sprogreformation" i *Vidar* nr. 1 og 2/1832. Meir uvisst er det om han hadde lese Johan Sebastian Welhavens bok *Henr. Wergelands Digtekunst og Polemik ved Aktstykker oplyste*, der Welhaven er heilt på linje med Munch. Sikkert er det at han hadde lese Wergelands svar til Munch og Welhaven, "Om norsk Sprogreformation", skrive i 1832, prenta i *Bondevennen* 1835. Walton 1996:262 meiner Aasen også kan ha kjent til ein artikkel av Wergeland om norsk teaterspråk i *Statsborgeren* 10.1.1836. Aasen hadde også lese ein debatt i *Nationalbladet* 1816–17 som var blitt utløyst av fleire artiklar i tidsskriftet *Saga* (Hyvik 2002).

<sup>2</sup> Apelseth 1996:28 framhevar at Aasen fleire gonger i dette skriftet bruker nemninga "københavnsk" for "dansk". Med det får han fram kor sentralisert ein einevaldsstat som den danske var, og at normene for god og dårleg språkbruk blei spreidde frå dette maktsentrumet, men at det ikkje var innlysande at det skulle vere slik også i Noreg etter 1814.

<sup>3</sup> Det har vore vanleg å lese både dette og mange andre skrifter av Ivar Aasen som typisk nasjonalromantiske utlegningar. Både Stephen J. Walton og Arne Apelseth har revidert denne oppfatninga. Apseth 1989:299 meiner at i dette skriftet er det berre uttrykket "nasjonaliteten i språket vårt" som kvalifiserer til nemninga "nasjonalromantikk". Elles meiner han at "argumentasjonen er opplysningsretorikk så god som nokon" (Apelseth 1996:8), og meir generelt, at i "fundamentet for hans målreising inngår dei fleste sidene ved europeisk skriftkultur frå renessansen og fram til hans eiga samtid" (Apelseth 1996:29). "Poenget er at

I så måte har det gått betre med det svenske brorfolket. Dei har no eit språk som er slik ein kunne vente på hi sida av fjella, for det liknar så vakkert på det rette norske folkemålet, som ein likevel aldri får sjå på papiret, og som ein heller ikkje får høyre, av andre enn den klassen som blir mindre verdsett. Skulle vi synde mot eitt av to, så måtte det vere lettare å tilgi at ein heller går mot det svenske enn mot det danske.<sup>4</sup> Dette blir stadfesta av kor landa ligg og kor mykje folkemåla i dei to landa liknar på kvarandre. Dette er ikkje unasjonalt og ingen amalgamasjon<sup>5</sup> (for å bruke dei orda som ein gong i tida blei nytta om dette); det var den naturlege likskapen mellom to plantar av same frøet. Vi treng aldri å søkje ut over landegrensene etter eit språk. Vi burde heller leite i våre eigne gøymsler og sjå etter kva vi sjølve eigde før vi tok til å låne av andre. Like så lite som det burde tene ein fri mann til ære å trygle om å få av andre det han sjølv alt har nok av, like så lite tener det oss til ære at vi heller samlar utanlandske ord enn at vi nyttar dei som er allment kjende og brukte i bygdene våre.

## 2.

Då kvar og ein synest best om det han er van med frå barnsbein av, og då alle skrivande i vår generasjon på ein måte er bundne til det københavnske, og kanskje for det meste alt frå ungdomen av er blitt vane til å forakte folkemålet vårt, vil

---

nasjonalromantikken korkje kan forklare kvifor landsmålet oppstod eller fekk den utforminga det fekk” (Apelseth 1996:30). Slik les også Walton Aasen, men i dette skriftet finn han ei rekkje nasjonalromantiske utsegner i teksten, og han meiner Aasen her brukte ”den nasjonalromantiske retorikken til å omformulera nasjonalromantikken problemstilling” ved at bøndene ikkje skulle vere eit estetisk objekt, men eit handlande subjekt” (Walton 1996:260ff). I tråd med dette les Jostein Nerbøvik skriftet som eit nasjonal-demokratisk program (Nerbøvik 2000:21). Særleg Øystein Sørensen har halde fast ved den nasjonalromantiske posisjonen, samanfatta i Sørensen 2001:206ff., der han også nyanserer dette synspunktet. Han kommenterer ikkje skriftet frå 1836 særskilt, meiner at ”Aasens virksomhet gikk inn i den nasjonalromantiske motivkretsen”, men at det også fanst avvikande, opposisjonelle perspektiv som peikar ut over dette. Mi eiga forståing av dette er at iallfall då Ivar Aasen tok til på den lange reisa si gjennom språket i 1842, stod han nok med ”ein fot i opplysningstida og ein i romantikken” (Grepstad 2006:60). Skriftet frå 1836 seier såleis ikkje alt om kva Aasen meinte om desse spørsmåla. Også han var ein sakprosaforfattar som endra mening og justerte oppfatningar undervegs.

<sup>4</sup> Særleg Hielm og Munch viste til den språklege likskapen med dansk, medan Wergeland opna meir for det svenske, og her peikar Aasen nesten demonstrativt over Kjølén.

<sup>5</sup> ”Amalgamasjon” var nemninga som blei brukt om den samansmeltinga av Noreg og Sverige som var det svenske målet etter 1814.

truleg dei fleste møte ei slik reform med lite velvilje. Likevel finst dei – det har ein sett både i dei offentlege blada og andre skrifter – som alvorleg ønskjer at språket vårt skal formast slik at ein med god grunn kan kalle det norsk. Den mindre dana delen av folket, som så slavisk underkastar seg det herskande, må lenge ha sett sine voner til ei slik endring, men utan å seie det. Sant nok, langt på veg skulle det då vere mogleg å førebyggje mange mistydingar og overdriven målreinsing. Det gjorde alltid vondt når eg hørde korleis allmugespråket vårt blei krenkt og gjort til latter, anten av velkledd kunnskapsløyse eller av ein rett nok velmeint iver etter å reinse.<sup>6</sup> Skal vi då, tenkte eg, gi slepp på denne verdfulle skatten frå fortida, som forfedrane våre gjennom all sin motgang truleg har teke vare på og overlevert til oss som ein heilag arv? Skal det å eige denne skatten, og det er rettferdig, bli nekta oss også no når folkefridomen på ny finst mellom våre fjell?<sup>7</sup>

### 3.

Medan tid og høve som før sagt gjorde København-dialekten til den rådande hos oss, blei likevel nasjonalspråket vårt teke vare på og dyrka i bondens enkle hus ved fjord og fjell, sjølv om det rett nok ikkje har vore like mykje av dette i alle delar av landet. At tida også har verka inn på allmugespråket, er naturleg. Når ein tenkjer på kor spreidd folk bur her til lands, kor lenge språket ikkje blei dyrka skriftleg, og tek

---

<sup>6</sup> Den bondefødde omgangsskulelæraren Aasen tek her eliten i skule. Han vil opplyse folkeopplysarane, som ikkje forstår nok av den samla kulturelle situasjonen, skriv Apelsest 1989:296f. Han skriv ikkje frå den underlegne sin ståstad, men som jamstilt statsborgar (Apelsest 1996:24). Djupedal 1950:13 og 76 set namn på målet for kritikken. Han meiner Aasen her tenkjer særleg på det Munch hadde skrive i artikkelen sin, der det blant anna heitte at visse folkemålsord "kun gjøre en højst daarlig Figur" og at "deres Indtryk maa være saare ubehageligt". Å snu om på det kulturelle hegemoniet var elles så radikalt at Aasen kunne ha god grunn til å la vere å publisere dette skriftet, meiner Apelsest, som viser til at Aasen kjende godt til kva røynsler folk som Hans Nielsen Hauge hadde gjort med å utfordre dei kulturelle maktthavarane. Aasen brukte såleis gjerne ein "spissfindig skrivemåte som vart utvikla under eineveldige styresett, og som skulle minske faren for sensur, konfiskering og arrestasjon. Kort fortalt går denne retorikken ut på å framstille samtidsforholda som om dei var i ferd med å bli det skribenten vil og vonar dei skal bli. Det ufullkomne kunne visast fram og indirekte kritisera, i og med at lesarane visste kva som var faktiske forhold, men utan at det skrivande framsette kritikk som kunne slå attende på han sjølv" (Apelsest 1996:9).

<sup>7</sup> Apelsest 1989:276f peikar på at Aasen ikkje nøyer seg med å tale om "vor nationale Frihed", som ville ha vore ei vanleg utsegn på den tida. Aasen har bygt dette skriftet på folkesuverenitetsprinsippet, at det er folket i ein stat som eig retten til å peike ut regent eller styringsform, og finn eit tydeleg uttrykk for dette i denne formuleringa, der Aasen også koplar dette prinsippet til Grunnlova. Også Walton 1984:17 peikar på denne samanhengen.

omsyn til fleire høve som alt er nemnde – så må ein likevel sjå på det som noko stort at denne nasjonaleigedomen framleis kan overleverast til oss i såpass god stand. Hadde Nøreg i desse hundreåra hevda det politiske sjølvstendet sitt, ville hovudspråket vårt også vore allmugens.<sup>8</sup> Det språket ville ha vore samanlikninga av alle dialektane i landet, det midtpunktet dei dreia seg rundt. Men med eit vedunderleg tolmod let vi oss i så lang tid urettferdig bli styrt av andre. Difor mista vi både hell og heider, og difor mista vi morsmålet vårt. Å få dette attende er enno ikkje umogleg. Den nasjonale æra vår krev det, og den lukkelege nye situasjonen for landet vårt gir oss rett til det. Bonden har æra av å vere den som bergar språket; det er altså hans tale ein burde lytte til.

#### 4.

Ein vil innvende at ein språkreformasjon ikkje er noko som bør gjennomførast over natta, men at det må få ta si tid, om så heile hundreåret.<sup>9</sup> Dette meiner eg ikkje kan gjelde så mykje i ein stat som lukka gjorde både fritt og sjølvstendig, og der det rette folkemålet enno finst, jamvel om det i lang tid ikkje var å sjå i skrift.<sup>10</sup> Heller ikkje trur eg at ein kan stø seg til det synet at det nye språket ville verke forvirrande for dei som tek til å bruke det, eller at det i førstninga vil vere vanskeleg å forstå for alle, og at det dessutan ville gi utlendingar høve til å finne ein ny stein i veggen. Språket måtte sjølvstøtt formast slik at alle innfødde ville forstå det. Så langt råd er burde ein difor unngå alle ord og vendingar som berre blir nytta somme stader.<sup>11</sup> Vidare ville ikkje språket bli så ulikt dei to andre nordiske språka at den som kan eitt av desse, ville få mykje hovudbry med å lære det. Dessutan ville den

---

<sup>8</sup> Med "hovudspråket" siktar Aasen til skriftspråket, som heile teksten dreiar seg om. I denne setninga strekar han under at allmugens rett til kulturell deltaking er ein historisk rett.

<sup>9</sup> Her spelar Aasen direkte på utsegna "før Aarhundredet nedrødmer" frå Henrik Wergeland i 1835 (Hanssen 1970:214).

<sup>10</sup> Apelsest 1989:285 peikar på at Aasen dempar det nasjonalromantiske skrytet i 1814 til det enkle ordet "lukke" og på den måten markerer at det nasjonale førebels manglar innhald.

<sup>11</sup> Her er Aasen på linje med Munch, som meinte det var urimeleg "at bruge Udtryk, forstaaelige blot for enkelte Provindser!" (Hanssen 1970:185).

hundreårslange reformasjonen som det er sikta til ovanfor, bli ei evig oppbygging og nedrivning av den grunn at språket manglar fast grunn og difor alltid vil vakle frå det eine til det andre, så ein ikkje veit kva ein bør halde seg til.<sup>12</sup> Dessutan fryktar eg at det rette nasjonale til sist vil vike for det framande, slik at det er folkemålet og ikkje skriftspråket som blir reformert.<sup>13</sup>

At vi med denne reforma eller tilpassinga vil få eit hovudspråk som er altfor platt og simpelt, er ei innvending som berre byggjer på fordom og vane.<sup>14</sup> Vi ønskjer oss nettopp eit folkemål som kvar einaste ein kan ta del i utan vanskar.<sup>15</sup> Statsforfatninga vår gir oss rett til eit slikt ønske.<sup>16</sup> Og kvifor skulle vi vere så redde for dette såkalla platttheitene? Dei er jo ikkje tomt snakk, dei er berre norsk tale.<sup>17</sup> Lat oss setje fordomane til sides og ikkje skjemma av å bruke vårt lands eige tungemål.

## 5.

Framlegg.<sup>18</sup> Føremålet mitt er ikkje med dette å framheve ei einskild av dialektane våre. Nei, inga slik bør vere hovudspråket vårt, for det språket bør vere ei samanlikning av og eit grunnlag for alle dialektane.<sup>19</sup> For å fullføre dette burde det lagast ordsamlingar for alle dei større områda i landet, med grammatikalske opplysningar og visse ordforklaringar. Til å gjere dette burde vi oppmuntre dei som

---

<sup>12</sup> Hielm hadde lagt vekt på slik fast grunn, "en fast Basis" (Hanssen 1970:178).

<sup>13</sup> Det er slike formuleringar som gjer at Walton 1996:260 meiner alt saman er "i pakt med nasjonalromantikens forestillingsverd og uttrykksmåte, noko som elles gjeld den hjelpelaust tunge syntaksen".

<sup>14</sup> "Pøbelagtigt" hos Aasen er her omsett med "simpelt"; det tyder også "rå og udana". Utsegna hans er eit direkte svar til Munch, som meinte at "Myra" for "Myren" var eit uttrykk for "det platte, aldeles pøbelagtige" og ikkje ville vite av talemålet til "den laveste Pøbel i de mere fordærvede Egne" (Hanssen 1970:186).

<sup>15</sup> Ved å leggje vekt på folkets rett, folkesuverenitetsprinsippet, hevdar Aasen også fleirtalsprinsippet, skriv Apelseth 1989:280.

<sup>16</sup> Med Grunnlova som legitimering gav Aasen her sitt svar på eit viktig, men svakt punkt i den norske staten, det at borgarane enno ikkje hadde nokon medeigarsskap: "Når Aasen kopla eit dialektbasert skriftspråk og borgarlege rettar, redefinerte han det 'Norge' som eliten ville skape" (Apelseth 1996:23).

<sup>17</sup> Det var Munch som hadde avvist desse som plattheiter, altså som tomt snakk, noko simpelt og trivielt, jf. note 12.

<sup>18</sup> Få år seinare blei det Ivar Aasen sjølv som kom til å handle, men ikkje heilt slik som han hadde tenkt det i dette og andre tidlege skrifter (Grepstad 2006:58 og Walton 1996:49).

<sup>19</sup> Wergeland ville ta norske ord inn i det danske skriftspråket. Munch ville byggje på éin dialekt som då var jamført med norrønt. Aasen lanserte her eit tredje alternativ i open polemikk mot Munch.

ikkje berre trur dei kan, men også verkeleg kan allmugespråket. Desse ordsamlingane skulle så sendast inn til eit selskap skipa av språkkyndige menn, som samanlikna og valde ut. Etter at hovudspråket var fastsett, måtte dette selskapet lage ei fullstendig norsk ordbok og likeins ein grammatikk.<sup>20</sup> Denne nye språkforma burde ein likevel absolutt ikkje påby eller presse på nokon. Ein skulle heller oppmuntre til at språkforma blir brukt, men elles la kvar og ein bruke det nye eller gamle slik ein finn det for godt.

Skrive i januar 1836

Prenta første gongen i *Syn og Segn* 1909

## Kjelder

- Apelseth, Arne 1989: *Tildriv og føresetnad for Ivar Aasen. Eit mentalitetshistorisk riss av Sunnmøre 1736–1836*. Upublisert hovudoppgåve. Bergen
- 1996: *Mellom tradisjon og innovasjon*. Hefte nr. 2 frå Ivar Aasen-året 1996. Oslo
- Djupedal, Reidar 1950: *Noko om Ivar Aasen i åra 1840–1860. Særleg arbeidet hans med landsmålet*. Upublisert hovudoppgåve. Oslo
- Grepstad, Ottar 2006: *Viljen til språk. Ei nynorske kulturbistorie*. Oslo
- Hanssen, Eskil (red.) 1970: *Om norske språkhistorie*. Oslo
- Hyvik, Jens Johan 2002: ”...en Forbrydelse mot Nationen’. Tidsskriftet *Saga* (1816–20), et nasjonalt dannelsesprosjekt som mislyktes”, i *Historisk Tidsskrift*, 81, s. 55–81
- Nerbøvik, Jostein 2000: *Nasjonsbygging og modernisering. Tema med variasjonar*. Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet. Nr. 8. Volda
- Sørensen, Øystein 2001: *Kampen om Noregs sjel*. Norsk idéhistorie, band III. Oslo
- Walton, Stephen (red.) 1984: *Om grunnlaget for norske målreising*. Seks artiklar av Ivar Aasen med innleiing av Stephen J. Walton. Voss
- Walton, Stephen J. 1985: ”Ivar Aasen – samfunnskritikar og språkmann”, i *Mål og Makt*, 15, nr. 4, s. 2–22
- 1996: *Ivar Aasens kropp*. Oslo

---

<sup>20</sup> Walton 1996:260 meiner at artikkelen av Hielm har vore eit vel så viktig tildriv for dette skriftet som det Munch og Wergeland skreiv. Også Hielm hadde teke til orde for å få fram ei ordbok og ein grammatikk.